

Arbeidsprogram 2023-2024

for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda, vedtatt 01.11.23

Overordna målsetjingar

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

I prioritert rekkjefølgje er det dette Studentparlamentet skal jobbe med i 2023-24:

1. Prioritere saker som kjem frå Studentparlamentet
2. Prioritere saker som kan bidra til å betre studentars psykiske helse- og velferdstilbod
3. Forbetre samarbeidet mellom studentorganisasjonane, festivalane, kommunen og Høgskulen
4. Synleggjere Studentparlamentet for studentane ved HVO gjennom å lage lågterskel arrangement og kople oss på det som elles skjer på Høgskulen og i samfunnet rundt

Studentmedverknad

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. At Høgskulen følgjer opp sine intensjonar om å bli landsleiande på studentmedverknad og studentengasjement, slik det er formulert i HVO sin strategiplan for 2022-29
2. Tettare kontakt og samarbeid mellom Studentparlamentet og studentane i Høgskulestyret, styret i SiVolda, studentrepresentantane i råd og utval og studenttillitsvalde for å kunne påverke og medverke i saker som angår studentane
3. Eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest, der vi sluttar opp under deira kampanjar og aktivitetar gjennom året

Kommunikasjon og synlegheit

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. Auka synlegheit både fysisk og i sosiale media gjennom å arrangere ulike aktivitetar på campus, samt vere medarrangør til andre arrangement på og rundt campus
2. Samarbeide med kontor for kommunikasjon for å bruke infoskjermene til info om kven Studentparlamentet er og kva vi driv på med gjennom året

3. At AU har ein SoMe-posteplan kvar veke, og ha minst eit innlegg i veka.
4. At viktig info om val, studentundersøkingar m.m. blir delt på Canvas
5. Oppnå auka valdeltaking i valet til Studentparlamentet gjennom langsiktige promoteringsplanar i samarbeid med HVO

Studentvelferd

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. Fleire trivselstiltak og lågterskel arrangement for eit aktivt og inkluderande studentmiljø, slik som "Mat og Prat", "Hurtigvenn", studentloppemarknad etc.
2. At HVO og SiVolda aukar sine ressursar retta mot førebygging og tidleg innsats for å betre studentane si psykiske helse og auke trivselen
3. Å gi studentorganisasjonane og –festivalane gode forhold gjennom økonomisk støtte og praktisk tilrettelegging, og bidra til eit tettare samarbeid mellom dei og HVO, SiVolda og kommunen
4. Auka kapasitet i studentane sitt helsetilbod, og at tilbodet som finst blir gjort betre kjent for studentane
5. At SiVolda vidareutviklar og utvidar velferdstilbodet sitt for studentane
6. At samtaletilbodet til Studenthumanist, Studentprest og studentrådgjevar i SiVolda blir vidareført og får auka kapasitet

Studiekvalitet

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. God opplæring av tillitsvalde på alle nivå på Høgskulen, og sikre at dei har kjennskap til verktøy og støttefunksjonar dei kan benytte seg av i vervet
2. Har god kontakt med dei tillitsvalde for å gi nødvendig informasjon og få innspel i saker
3. At det finst instruksar til bruk av teknisk utstyr på alle undervisningsrom
4. At Studiebarometeret blir brukt aktivt av HVO for å forbetre studiekvaliteten
5. At kvalitetsutval, avdelingsråd og læringsmiljøutval får reell medverknad og blir brukt aktivt i Høgskulen sitt kvalitetsarbeid
6. At gratisprinsippet vert praktisert på alle studium

Mangfald og inkludering

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. Eit godt tilrettelagt og universelt utforma campus der alle kjenner seg velkomne
2. Å oppgradere "Sei-ifrå-systemet" for betre handtering av uønskte hendingar og gjere det betre kjent for studentane
3. Fleire lågterskel møteplassar og arrangement og motverke drikkepress

4. Betre inkludering av internasjonale studentar og møteplassar mellom norske og internasjonale studentar gjennom samarbeid med Pangaia
5. Delta i den årlege Bygdepride-paraden og andre solidaritetsmarkeringar
6. Arrangere Norwegian Night i byrjinga av kvart semester, og dele ut årleg pris for internasjonalisering

Miljø og berekraft

Studentparlamentet vil jobbe for:

1. At HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak, forbetrar miljøprofilen sin og integrerer FN sine berekraftsmål i undervisning og dagleg drift
2. At HVO beheld sertifiseringa som Miljøfyrtårn og at Sivolda også blir sertifisert
3. At HVO og SiVolda reduserer bruk av eingongsartiklar
4. Fleire sorterings- og gjenvinningsstasjonar på campus
5. Miljøvenlege reiser og betre kollektivtilbod